



Dei yngste klar til start i det forrige karuselløpet, Baroniløpet.

Alt ligg til rette for eit alle tiders SPARløp onsdag 4.mai kl.18. Arrangørane er klare, og SPAR er som vanleg med på laget og syt for flott premiering. Nytt dette året er at det vert salg av mat. Det siste syt SmakifråOska for. Det vert god deltaking. Allereie søndag kveld var 43 førehandspåmelde, og det er flott om mange melder seg på på førehand.

Arrangørane understrekar at dei set stor pris på at så mange deltakarar som mogeleg melder seg på på førehand. Det gjer det enklare for dei som skal arrangera, og det vert mindre venting. Påmelding skjer her [via UIL si heimeside](#). Det er mulighet til etterpåmelding fram til kl.17.45.

Elles er arrangørane svært glade for at SPAR er med på laget også i år. Dei set ein spiss på arrangementet mellom anna med einestående premiering. Det vert premiar til alle. I år vert det også matsal. Etter avtale med arrangørane riggar Roy Lervåg og SmakifråOska seg til ute og serverer baccalao og gode grilla pølser. Nok ein spiss på arrangementet! I tillegg ser det også ut som om vergudane er med på laget og lovar framifrå løpsver. Dette gode teamarbeidet gjer at det ligg an til ei svært så koseleg stund på Sandakaien onsdag kveld.

For å få avvikla løpet må arrangørane sperra av området der løpet skal føregå. Sperringane vert sett opp tirsdag kveld, og det er svært viktig for arrangementet at desse vert respekterte av alle.

SPARløpet er det tredje løpet i årets terrengløpskarusell. Det er svært kjekt både for deltakarar og publikum. Alle løypene går i og rundt sentrum, og publikum kan følgja med på løpsutviklinga. Arrangementet plar vera gjennomført på om lag ein time. Tidlegare om åra har både deltaking og publikumsframmøte vore god. Skal vi satsa på rekord i år??

Tekst, foto og nett: Thor inge Døssland